

# Årsmelding Øystre Slidre Historielag 2024

Styret har bestått av  
Leiar Tove Grethe Kolstad  
Mølleansvarleg Are Solhaug  
Skrivar Svein Erik Rogne  
Styremedlemer Ole Steinde og Sebastian Okshovd

Valnemd Torstein Presthegge  
Revisorar Ole Martin Alfstad

Kasserar utanom styret Svein Harald Hegge

Aktivitetar  
Vi har hatt tre styremøter i år

Slåttedag på Liastølen 27.7.24. Bra oppmøte. Mange som vart med å slå ras, raka og «hesja». I tillegg steikte vi kvitkako inne på takka. Servering av kvitkako på Kvileheimen. Vi steikte ute saman med pasientar. Noko som vekte gamle minner. Etterpå vart det lokkarlag med kaffe, kvitkako og nyplukka mølte servert ute i sansehagen.

6.10 Det var kjøring av Dale mølle. Same dag som haustmarked i Dale skule. Møllaren Are Solhaug kjørte mølla og turka med stor presisjon, alt fungerte perfekt. Det vart male bygg dyrka i Dale hjå møllaraen Are. Gode hjelpera kjørte treskeverket, noko mange opplevde for fyrste gong. 55 framførte. Servering av byggrynsgraut med tjukk mjølk. Etterpå var det nykokt kaffe og kringle